

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
104/14	Formannskapet	PS	20.11.2014
128/14	Kommunestyret	PS	11.12.2014
064/14	Arbeidsmiljøutvalet	PS	24.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ole Georg Hoaas	14/7440

## Milepelsrapport om omstillings- og utviklingsprogrammet 2014 - 17

### Vedlegg:

Rapport\_03112014

### Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Rådmannen sin rapport om omstillings- og utviklingsprogrammet 2014 – 17 vert godkjent

### Formannskapet - 104/14

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Rådmannen sin rapport om omstillings- og utviklingsprogrammet 2014 – 17 vert godkjent

### Arbeidsmiljøutvalet - 064/14

#### AMU - behandling:

Ass.rådmann Hogne Haugsdal og rådmann Ørjan R.Forthun orienterte til saka.

Meldinga vert teke til orientering.

#### AMU - vedtak:

Rådmannen sin rapport om omstillings- og utviklingsprogrammet 2014 – 17 er teke til orientering.

## **Kommunestyret - 128/14**

### **KO - behandling:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

Rådmannen sin rapport om omstillings- og utviklingsprogrammet 2014 – 17 vert godkjent.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Milepelsrapport og forslag til vidareføring**

Med dette legg rådmannen fram rapporten om det som er gjennomført i omstillings- og utviklingsprogrammet som kommunestyret vedtok å sette i gang i samband med økonomiplanen for 2014-17.

Rapporten har ein gjennomgang av mandat og oppdrag, går igjennom prosessane som er gjennomført, summerer opp funn og konklusjonar, og legg fram eit program for vidare utvikling av organisasjonen.

Formannskapet har vore orientert om framdrifta av programmet i alle møte gjennom året. For kommunestyret elles håper vi at rapporten gjev ein tilfredsstillande gjennomgang av prosessane.

### **Utviklingsprogram: Lindås 2019 – ein betre kommune**

Det er dei to siste kapitla i rapporten som peiker framover, og har med rådmannen sine framlegg til kommunestyret om korleis vi kan utvikle organisasjonen vidare:

- Kapittel 9: Strategiar for vidare arbeid
- Kapittel 10: Utviklingsprogram «Lindås 2019 – ein betre kommune»

I kapittel 10 ligg den konkrete prosjektporteføljen der rådmannen har lagt inn dei tiltaka som skal få organisasjonen til å nå dei måla som kommunestyret har sett for programmet. Grunnlaget for å framheve 2019 er at det er den perioden vi i dag reknar med at Lindås er ein eigen kommune. Etter det kan kommunen vere slått saman med andre kommunar i Nordhordland. Dette må vere eit perspektiv som må takast med i strategiane for det arbeidet

vi er inne i.

## **Omfattande dokumentasjon frå einingane i vedlegg**

I ein prosess der oppdraget var å «snu alle steinar» , og der ein skulle legge vekt på medverknad frå heile organisasjonen, ligg det svært mykje stoff tilgjengeleg. Dette er i hovudsak redigert inn i vedlegget bak i rapporten. Dette vil kunne brukast som oppslagsstoff om ein ynskjer å gå djupare inn på eit tema.

## **Dei viktigaste funna i prosessen**

Vi kan i stor grad sjå det slik at det som gjekk føre seg av prosessar på våren 2014 var eit forprosjekt for å skaffe seg innsikt. Dette er summert opp i kapittel 8. Samtidig var ein av føresetnadene å handle når det kom opp tiltak som var viktig å få på plass for ikkje å miste tid. Oppsummeringa i kapittel 8 gjev difor dels oppsummering av tiltak som er sett i verk, og dels tiltak som ligg i planane frametter.

## **Skilje mellom kostnadsreduksjon og utviklingsprosjekt**

Strategiar og tiltak for utvikling er lansert av rådmannen som «Lindås 2019 – ein betre kommune». Utviklingsprosjektet vil i nokon grad føre til kostnadsreduksjon direkte. Men først og fremst handlar utviklingsprogrammet om å nytte ressursane meir effektivt, og ikkje minst for å hente ut gevinstar av dei utviklingsprosjekt som vi prioriterer fram til ein kvar tid.

Kostnadskutt vil etter rådmannen sitt opplegg frametter gå direkte i budsjettprosessen, og bli knytt til konkrete tal lagt inn i budsjettet. Reduksjonen vert knytt til konkrete tiltak, og blir tidfesta i forhold til ein realistisk framdrift i heile økonomiplanperioden. I samband med årets budsjettprosess har einingsleiarane blitt bedt om å leggje inn framlegg med konsekvensvurdering av 5 prosent reduksjon i dei respektive budsjetta, og dette er utvikla vidare i prosessen i ein dialog mellom einingsleiar og rådmannen ved økonomi- og budsjettsef.

## **Vurdere konkurranseutsetting**

I mandatet til omstillings- og utviklingsprogrammet var ei av bestillingane å «vurdere konkurranseutsetting av tenester». Dette er handsama i rapporten i kapittel 7.

I en periode med mykje endring, og der ein i tillegg har prosessen retta mot å slå saman kommunar, er rådmannen sitt framlegg å sjå på mogleg konkurranseutsetting av enkelte tenester etter at kommuneprosessen er kome lenger, og der vi kanskje kan setje ut tenester for ein ny storkommune på anbod.

## **Handsaming i kommunestyret**

Sjølv om det ligg mange konkrete forslag til tiltak i organisasjonen i rapporten, er det ikkje tenleg at desse vert vedteke i den form dei ligg i rapporten. I hovudsak ligg dei politiske avgjerdene i dei rammene rådmannen får i økonomiplanen. Dei fleste av desse tiltaka innanfor den delegasjonen rådmannen har til å utvikle organisasjonen. I tiltak ut over dette blir lagt fram som konkrete saker til politisk nivå.

Rådmannen legg difor opp til at kommunestyret tek stilling til om det godtek rapporten eller ikkje.